

Rosendal/Uskedal J02-03 vant Trio Cup 2018

18.02.2018



Spelarar frå venstre: Marte Bøyum – May Beate Brakstad – Ina Tveito Sandvik – Lene Furdal – Ida Marie K. Eidsvik – Amalie R. Hovden – Silje Soldal

**Trio cup 2018 vart arrangert i helga 17. og 18. februar. Laurdag var det klasse J16 og G16 som var i sving. I klassen som J02-03 spelte var det 9 deltagande lag frå Kvinnherad og Odda.**

Jentene vant cupen etter at dei vant over Trio sitt J14 lag i finalen med 2-0. Tre av jentene som var på banen i cupen er frå Uskedalen, dette er: Amalie R. Hovden – Silje Soldal og Ida Marie K. Eidsvik.

Mål for Rosendal/Uskedal:

1 – 0 Ina T. Sandvik  
2 – 0 Amalie R. Hovden

Sigeren kom etter tøffe kamper gjennom store deler av ettermiddag/kveld med lite kvile mellom kampane, og ikkje minst «Coaching» i verdsklasse frå Line Soltveit og Erlend Bøyum på sidelinja.

Var ikkje lett å være trener for dette laget å sitte i Bergen på Klubbkonferanse i regi av NFF i dag, men eg viste jentene var i gode hender då Line Soltveit og Erlend Bøyum tok på seg ansvaret for at jentene kom seg velberga gjennom dagen.

Line og Erlend hadde to lag å ta seg av, det andre laget kom dessverre ikkje vidare til sluttspel denne gongen. Også her var det med tre jenter frå Uskedalen. Dei som var med på dette lager er: Camilla Ripel (Usk) – Eli Omvik – Martha Hjelmeland – Thea Taranger (Usk) – Hanna Tvilde (Usk) og Guro Leganger.

May Beate Brakstad var målvakt for begge laga.

Tusen takk for hjelpe, til alle som var med på å få dette til.

Masse gratulerer med Cup Gull i dag jenter!

Tekst: Tor Gundersen

Foto: Line Soltveit

Nett: Hans Ordin Østebø